

Postpensjonistane i Sogn og Fjordane

Referat frå styremøte i Førde måndag 06.12.2021

Møtestad: Omdelinga på Sanderplassen

Møtet starta kl. 11.00.

Tilstades: Jermund Fimreite – leiar
Osvald Olsen - nestleiar
Anders Vosseteig - økonomiansvarleg
Oddny Rosenlid – sekretær/medlem i aktivitetsnemnda
John Lien – 1. varamedlem
Grete Finnebotn – 2. varamedlem
Hjalmar Furelid – 3. varamedlem

I tillegg var Arnt Bøe frå valnemnda innkalla og tilstades

Fråver: Kjell Skår – styremedlem
Anna Lunestad - leiar i aktivitetsnemnda
Aud Ryssdal - medlem av aktivitetsnemnda
Bente Troye frå valnemnda

Møteleiar: Jermund Fimreite

Referent: Oddny Rosenlid

Sakliste: 1. Åpning
2. Godkjenning av referat frå styremøte den 19.11.21
3. Betaling/godtgjersle for trykking av Vestfylke.
4. Utnevning av vararevisor etter Tore Skjerven, valnemnda legg fram forslag.
5. Årsmøte 2022.
6. Aktivitet 2022.
7. Ymse.

Sak 1.

Jermund opna møtet med å ynskje alle velkomne.

Sak 2.

Ingen merknad til referatet frå siste styremøte (19.11.2021)

Sak 3.

Sidan 2013 har Vestfylket blitt utprinta av Lars Ove Rosenlid på ein skrivar han har disponert på arbeidsplassen. Det har ikkje vore betalt noko for arbeidet, men Postpensjonistlaget har av og til kjøpt inn papir og i det siste betalt for blekkpatroner. Det vart diskutert om og kva laget skal betale for dette arbeidet

Vedtak: Vi undersøker korleis andre lag ordnar seg med «trykking» av medlemsbladet og kva dei i tilfelle betalar for dette. Saka blir så tatt oppatt på neste styremøte i januar.

Sak 4

Vararepresentant til revisorvervet, Tore Skjerven døde i haust,. Vi må difor utnemne ein ny som skal fungere til neste årsmøte. Arnt Bøe frå valnemnda la fram forslag på Elna Lund. Ho hadde blitt førespurd og sagt ja.

Vedtak: Elna Lund blir utnemnd som vararepresentant til revisorvervet fram til årsmøtet i 2022

Sak 5.

Dato for årsmøtet i 2022, stad og underhaldning vart diskutert. Det passa ikkje for Arne Johannessen å vere på haustmøtet, vi må prøve om det passar for han denne gangen. Om det ikkje passar, må vi prøve dei andre vi hadde sett opp på lista til haustmøtet. Det må skrivast årsmelding 2021 og Handlingsplan 2022. Vervemålet har vore 10 stk dei seinare åra. I 2021 har vi fått 13 nye medlemmer, men mange medlemmer har også falle frå. Det må kome fram i årsmeldinga at vi har fått støtte av «Onkelfondet» og det må også synleggjerast i Rekneskapen.

Vedtak: Om det er ledig plass, blir årsmøtet 2022, halde på Thon Hotell, Skei. Innslag blir av Arne Johannessen utanom årsmøtesaker. Oddny skriv årsmelding 2021 og Handlingsplan for 2022. Anders fører rekneskapen 2021.

Sak 6.

Jermund har ivra for å få til «Grendesamlingar» rundt om i fylket slik som dei har i fleire andre lag. Dette vart diskutert. Sogndal har ei form for slike faste kaffitreff. Førde har også mimretreff ein gong for månaden, men det er ikkje spesielt for pensjonistar, og det er om kvelden. Målet med treffa er å skape trivsel og hyggjelege samkomer for postpensjonistane.

Vedtak: Alle må tenke på om det er mogleg å få til noke i det nye året.

Sak 7.

Det vil kome søknadsskjema for støtte frå «Onkelfondet» i år også.

Jermund refererte ein e-post frå Aud Ryssdal der ho på grunn av ei hending og styremøte , meinte ho vart dårleg behandla. Etter dette ville ho trekkje seg som medlem av aktivitetsnemnda og som medlem av Postpensjonistane i Sogn og Fjordane frå 1.1.2022. Jermund hadde teke kontakt med ho etterpå.

Møtet slutt kl 12.30